



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2016 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 946 420 689  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: Margrethe A/S  
Forretningsadresse: Storgata 18  
6102 VOLDA

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2016 - 31.12.2016

### Konsern

Morselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Eiliv Halkjelsvik  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 31.01.2018

### Grunnlag for avgivelse

År 2016: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2015: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2016

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 04.10.2019



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt			111 400
Annen driftsinntekt	4		4 256 700
<b>Sum inntekter</b>			<b>4 368 100</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønnskostnad	2	570 500	
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4		16 500
Annen driftskostnad	2	32 219	254 650
<b>Sum kostnader</b>		<b>602 719</b>	<b>271 150</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-602 719</b>	<b>4 096 950</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt på investering i datterselskap og tilknyttet selskap	8		
Anna renteinntekt			221
<b>Sum finansinntekter</b>			<b>221</b>
Nedskrivning av finansielle eiendeler	8		
Rentekostnad til føretak i same konsern	8	24 559	16 536
Annan rentekostnad			75 885
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>24 559</b>	<b>92 421</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-24 559</b>	<b>-92 200</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-627 278</b>	<b>4 004 749</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	7	-117 289	940 095
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-509 990</b>	<b>3 064 655</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-509 990</b>	<b>3 064 655</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-509 990</b>	<b>3 064 655</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-509 990</b>	<b>3 064 655</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overføringer til/fra annen egenkapital		-509 990	3 064 655
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>-509 990</b>	<b>3 064 655</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2016	2015
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4		
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	8	3 398 000	3 398 000
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd	8	5 648 598	5 648 598
Investeringer i aksjer og andeler	8		
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>9 046 598</b>	<b>9 046 598</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>9 046 598</b>	<b>9 046 598</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Kundefordringer	3, 5		
Andre fordringer	3		
<b>Bankinnskott, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		3 928	3 928
<b>Sum bankinnskott, kontantar og liknande</b>		<b>3 928</b>	<b>3 928</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>3 928</b>	<b>3 928</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>9 050 526</b>	<b>9 050 526</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Selskapskapital	6	2 200 000	2 200 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>2 200 000</b>	<b>2 200 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annen egenkapital		2 597 833	3 107 823



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>2 597 833</b>	<b>3 107 823</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>4 797 833</b>	<b>5 307 823</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Utsett skatt	7	614 076	804 141
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>614 076</b>	<b>804 141</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	5		
Øvrig langsiktig gjeld	5	2 151 184	2 283 353
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>2 151 184</b>	<b>2 283 353</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>2 765 260</b>	<b>3 087 494</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		38 317	31 098
Betalbar skatt	7	208 730	135 954
Skyldige offentlige avgifter		70 500	
Annen kortsiktig gjeld	2, 8	1 169 885	488 157
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>1 487 432</b>	<b>655 209</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>4 252 692</b>	<b>3 742 703</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>9 050 526</b>	<b>9 050 526</b>



ÅRSREGNSKAP FOR 2016

**Margrethe AS**  
**6102 Volda**

INNHold:

Resultatregnskap  
Balanse  
Noter  
Årsberetning  
Revisjonsberetning



## Margrethe AS

### Årsmelding frå styret 2016

#### VERKSEMD

Verksemda høyrer til i Volda kommune. Selskapet si verksemd er investering- og holdingselskap.

#### ØKONOMI

Styret meiner at årsrekneskaperen gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling og resultat. Selskapet har ikkje hatt FoU-aktivitetar i løpet av rekneskapsåret. Knytt til øvrige nøkkeltal syner styret utfyllande til tabellen under;

År	Omsetning	Resultat	Eigenkapital
2014	481.800	169.217	2.243.168
2015	4.368.100	3.064.655	5.307.823
2016	0	- 509.990	4.797.833

#### FORTSATT DRIFT

Selskapet har rolle som morselskap i konsernstruktur. Selskapet har gjennom dotterselskap fokus på hotelldrift og utbygging/utleige av forretning-, service-, og bustad- og kontoreareal.

Selskapet har i 2016 ikkje motteke dividende frå dotterselskap.

Styret arbeider aktivt med ytterlegare optimalisering av drift og konsernstruktur. Dette arbeidet vil m.a. omfatte følgjande tiltak:

- Seinast i 2018 fusjon med dottreselskapet Volda Hotell Holding AS etter gjennomføre omstrukturering i konserndelen Volda Turisthotell AS.
- Sinast omlegging av drift- og konsernstruktur i konserndelen Volda Ullspinneri AS / Volda Sentrum AS.

Det er venta at dette vil gje positive effektar både i høve til resultat og ressursbruk.

Styret stadfestar såleis at føresetnaden for fortsatt drift er tilstade.

#### YTRE MILJØ

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljø.

#### ARBEIDSMILJØ

Verksemda har ingen fast tilsette, kun mindre engasjement og vurdering av arbeidsmiljø er såleis ikkje relevant.

#### LIKESTILLING

Med bakgrunn i at verksemda ikkje har fast tilsette, og at styreleiar er einestyre, er det ikkje grunnlag for vurdering av likestillingstilhøve.

Volda, den 29. januar 2018.

  
Eiliv Halkjelsvik  
styreformann



<b>Resultatregnskap</b>			
Margrethe AS			
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	Note	2016	2015
Leieinntekter		0	111 400
Annen driftsinntekt	4	0	4 256 700
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>0</b>	<b>4 368 100</b>
Lønnskostnad	2	570 500	0
Avskrivning på driftsmidler	4	0	16 500
Annen driftskostnad	2	32 219	254 650
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>602 719</b>	<b>271 150</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-602 719</b>	<b>4 096 950</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Annen renteinntekt		0	221
Rentekostnad til foretak i samme konsern	8	24 559	16 536
Annen rentekostnad		0	75 885
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>-24 559</b>	<b>-92 200</b>
Ordinært resultat før skattekostnad		-627 278	4 004 749
Skattekostnad på ordinært resultat	7	-117 289	940 095
<b>Ordinært resultat</b>		<b>-509 990</b>	<b>3 064 655</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-509 990</b>	<b>3 064 655</b>
<b>Overføringer</b>			
Overføringer annen egenkapital		509 990	-3 064 655
<b>Sum overføringer</b>		<b>-509 990</b>	<b>3 064 655</b>




<b>Balanse pr 31.12.</b>			
Margrethe AS			
<b>Eiendeler</b>	<b>Note</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
<b>Finansielle driftsmidler</b>			
Inv. i datterselskap/tilknyttet selskap	8	3 398 000	3 398 000
Andre langsiktige fordringer	8	5 648 598	5 648 598
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b><u>9 046 598</u></b>	<b><u>9 046 598</u></b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b><u>9 046 598</u></b>	<b><u>9 046 598</u></b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Fordringer</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		3 928	3 928
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b><u>3 928</u></b>	<b><u>3 928</u></b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b><u>9 050 526</u></b>	<b><u>9 050 526</u></b>

**Balanse pr 31.12.**

## Margrethe AS

Egenkapital og gjeld	Note	2016	2015
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Aksjekapital	6	<u>2 200 000</u>	<u>2 200 000</u>
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<u>2 200 000</u>	<u>2 200 000</u>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		<u>2 597 833</u>	<u>3 107 823</u>
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<u>2 597 833</u>	<u>3 107 823</u>
<b>Sum egenkapital</b>		<u>4 797 833</u>	<u>5 307 823</u>
<b>Gjeld</b>			
Utsatt skatt	7	<u>614 076</u>	<u>804 141</u>
<b>Sum avsetning for forpliktelser</b>		<u>614 076</u>	<u>804 141</u>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Øvrig langsiktig gjeld	5	<u>2 151 184</u>	<u>2 283 353</u>
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<u>2 151 184</u>	<u>2 283 353</u>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		38 317	31 098
Betalbar skatt	7	208 730	135 954
Skattetrekk og andre trekk		70 500	0
Annen kortsiktig gjeld	2, 8	<u>1 169 885</u>	<u>488 157</u>
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<u>1 487 432</u>	<u>655 209</u>
<b>Sum gjeld</b>		<u>4 252 692</u>	<u>3 742 703</u>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<u>9 050 526</u>	<u>9 050 526</u>

Volda, 29.01.2018  
Styret i Margrethe AS

  
Biliv Halkjelsvik  
Styreleder



## NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2016

### 1. REKNEKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa er skildra nedanfor.

**Eignelutar til varig eige** er klassifiserte som anleggsmiddel og vurdert til kostpris redusert med planmessig avskrivning av omsyn til avgrensa levetid.

**Andre eignelutar** er klassifiserte som omløpsmiddel og vurdert til lavaste av kostpris og verkeleg verdi. Fordringar som forfell til betaling innan eitt år er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar er for øvrig oppført til pålyande etter frådrag for venta tap. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er same kriterium lagt til grunn.

**Leigeinntekter** vert inntektsførde i takt med oppteninga. Tilsvarande for finansinntekter.

### 2. LØNSKOSTNAD, HONORAR M.M.

Det er avsatt kr 500.000 i honorar til styreleiar for utført arbeid for selskapet. Arbeidsgiveravgifta av dette er kr 70.500. Dette er bokført som påløpt kostnad. Selskapet er ikkje pliktig til å etablere pensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Kostnadsført revisjonshonorar for lovbestemt revisjon utgjer kr 14.800. I tillegg er det betalt kr 5.200 til revisor som konsulenthonorar. Beløpa er utan mva.

### 3. FORDRINGAR

Kortsiktige fordringar er nedskrive med ei delkrederavsetjing på kr 73.000 per 31.12.

### 4. VARIGE DRIFTSMIDDEL

Tekst	INVENTAR	BYGNING	TOMT
Kostpris 01.01	0	0	0
Påkosting	0	0	0
Avgang	0	0	0
Akk. avskrivning pr. 31.12	0	0	0
Bokført verdi pr. 31.12	0	0	0
Ord. avskrivning i år	0	0	0
Prosentats-lineær avskrivning	Solgt	Solgt	Solgt

Vinsten ved sal av fast eigedom er i si heilheit inntektsført under andre driftsinntekter i 2015.

### 5. LANGSIKTIG GJELD

Selskapet har gjort opp si pantesikra gjeld i 2015. Øvrig langsiktig gjeld er samansett slik:

	saldo	rønter
Gjeld til aksjonærer m/nærstående	-2 107 316	0
Gjeld til andre	-43 868	0
	-2 151 184	0

### 6. AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRINFORMASJON

Aksjekapitalen er pr. 31.12.16 kr 2.200.000 fordelt på 22.000 aksjar á kr 100 med like rettar. Eigarstrukturen pr. 31.12.16 er slik:

Aksjonær	antal	totalt	%	styreverv
Åse Karin F. Halkjelsvik	1 493	149 300	6,79 %	
Astrid Halkjelsvik	2 506	250 600	11,39 %	
Inger Halkjelsvik	12 000	1 200 000	54,55 %	
Eiliv Halkjelsvik	6 001	600 100	27,28 %	styreleiar
Sum	22 000	2 200 000	100,0 %	



## 7. MIDLERTIDIGE SKILNADER OG SKATT

Midlertidige skilnader knytt til	31.12.2015	31.12.2016	Endring
Anleggsmiddel	0	0	0
Omløpsmiddel	-73 000	-73 000	0
Vinst- og tapskonto	3 289 562	2 631 649	657 913
Skattem. framførbr. underskot	0	0	0
Netto midlert. skilnader	3 216 562	2 558 649	657 913
Sum midlertidige skilnader	3 216 562	2 558 649	657 913
<b>Utsett skattefordel (-), utsett skatt (+)</b>	<b>804 141</b>	<b>614 076</b>	<b>190 065</b>

	2016	2015
<b>Resultat før skattekostnad</b>	-627 278	4 004 749
+ permanente skilnader	0	193 969
+/- endring i midlertidige skilnader	657 913	-3 394 808
-anvendelse av framførbart skattemessig underskot	0	-300 376
<b>Sum skattegrunnlag i året</b>	<b>30 635</b>	<b>503 534</b>
Betalbar inntektsskatt for selskapet for 2016	7 659	135 954
Betalbar inntektsskatt for selskapet for 2015 inkl. tilleggsskatt	201 071	0
<b>Sum betalbar skatt i balansen</b>	<b>208 730</b>	<b>135 954</b>
+/- for lite/for mykje avsett tidlegare år	65 117	0
+/- tilbakeført for mykje avsett utsett skatt frå i fjor	0	0
+/- endring utsatt skatt	-190 065	804 141
<b>Sum skattekostnad i resultatrekneskapen</b>	<b>-117 289</b>	<b>940 095</b>

## 8. LANGSIKTIGE AKSJAR

### Tilknytt selskap:

Selskapet eig 398 aksjar (49,8 %) i Volda Ullspinneri AS. Selskapet har pr. 31.12.16 aksjekapital på kr 800.000 delt på 800 aksjar á kr 1.000. Årsresultatet i 2016 var kr -6.723.789. Eigenkapitalen var kr -4.313.110. Margrethe AS har eit tilgodehavande på kr 5.548.598 i selskapet. Det er rekna renter i 2016 med kr 0. Aksjane er bokførde til kostpris, kr 398.000. Kontorkommune er Volda.

### Datterselskap:

Selskapet eig 30.000 aksjar (100 %) i Volda Hotell Holding AS. Selskapet har pr. 31.12.16 aksjekapital på kr 3.000.000 delt på 30.000 aksjar á kr 100. Årsresultatet i 2016 var kr -3.602.822. Eigenkapitalen var kr -434.469. Margrethe AS har ei netto gjeld på kr 406.495 til selskapet. Det er rekna renter i 2016 med kr 24.559. Aksjane er bokførde til kostpris, kr 3.000.000. Kontorkommune er Volda.

Det er ikkje utarbeidd konsernrekneskap, då rekneskapsreglane for små selskap er nytta.



## hovden & vatne statsautoriserte revisorar as

Medlemmer i Den norske Revisorforening  
Autorisert rekneskapsførarselskap  
Org.nr. 987 832 916 MVA  
E-post: firmapost@h-v.no  
www.h-v.no

Til generalforsamlinga i  
Margrethe AS

### Melding frå uavhengig revisor

#### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 3

##### Konklusjon med atterhald

Vi har revidert Margrethe AS sin årsrekneskap som viser eit underskot på kr 509.990. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, utanom forholdet som er omtala i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med atterhald», gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettviseande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

##### Grunnlag for konklusjonen med atterhald

Selskapet har bokført aksjepostar i underliggende dotter- og tilknytt selskap med totalt kr 3.398.000, samt fordring mot tilknytt selskap på kr 5.648.598. Bokførte verdiar av aksjepostane og fordringa er avhengig av dei underliggende selskapa får gjennomført sine planer om refinansiering og får positiv inntening i framtida. Denne usikkerheita til bokførte verdiar er det ikkje opplyst om i årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for vår konklusjon med atterhald.

##### Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettviseande bilede i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

ØRSTA:	EID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsgt. 16, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misgjerdar, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misgjerdar eller feil som ikkje er utført med vilje. Vi utvikler og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og henter inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misgjerdar ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er utført med vilje, sidan misgjerdar kan innebere samarbeid, forfalsking, medvitne utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- vurderer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av føresetnaden om vidare drift i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom



slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er baserte på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- vurderer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilde.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svake punkt av betydning i den interne kontrollen.

## Uttale om andre lovmessige krav

### Konklusjon med atterhald om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra over, meiner vi med unntak av forholdet som er omtala i avsnittet «*Grunnlag for konklusjon med atterhald*» ovafor, at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon med atterhald om registrering og dokumentasjon

Bokføringslova sin § 7 stiller krav om ajourhald av rekneskapen. Selskapet si bokføring av transaksjonar har ikkje fylt krava, slik at pliktig rapportering ikkje har skjedd innan lovfaste fristar.

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga, med unntaket som er omtala i avsnittet ovafor, har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

### Andre forhold

Denne meldinga kjem i staden for tidlegare utsendt melding, datert 30.06.2017, som vart utsendt ved lova sin frist for å halde generalforsamling. Fullstendig årsrekneskap og årsmelding var på dette tidspunktet ikkje framlagt av styret.

Ørsta, 31.01.2018

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS

Arild Rafshol  
registrert revisor